



Skjåk kommune

INNLANDET FYLKESKOMMUNE KOMPETANSE OG TANNHELSE

Postboks 4404

2325 HAMAR

Vår ref
2024/461-5

Dykkar ref

Saksbehandlar
Edel Kveen

Dato
27.06.2024

Høyringsuttale framtidig skule- og tilbodsstruktur og alternative opplæringsmodellar

Kommunestyret i Skjåk har vedteke fylgjande uttale:

Sats på ungdommen!

Skjåk kommune ber om at skulestadane Lom og Otta blir oppretthalde. Det er særleg viktig at skulestad Lom blir oppretthalde som ein levande og attraktiv skulestad med tilbod minst som i dag. På same tid er skulestaden på Otta også viktig både for Skjåk og regionen.

Skjåk kommune arbeider målretta for bu- og bli-lyst. Dei demografiske framskrivingane fortel oss at i møte med ei stadig aukande eldre befolkning vil det vere stort behov for arbeidskraft i åra framover. Å oppretthalde skulestad Lom er heilt avgjerande for framtidstru, samt bu- og bli-lyst i Skjåk. Skulestad Lom ligg i overkommeleg reiseavstand for alle elevar i Skjåk, og er såleis viktig for at ungdommane i Skjåk skal ha moglegheit til å ta eit aktivt val om å ha ein normal kvardag i heimkommunen sin dei åra dei går på vidaregåande skule.

Det seier seg sjølv at det er eit urimeleg innhogg i kvardagen til ungdommar i ein heil kommune dersom dei to einast vala dei har for å gjennomføre vidaregåande skule er anten minst tre timar skuleskyss kvar dag, eller hybeltaivære. Dette vil få konsekvensar, ikkje berre for ungdommane når ein ser ut frå både eit individperspektiv og eit heilskapleg folkehelseperspektiv, men også med tanke på kor attraktivt det vil vere å bu i Skjåk, og på det viset kva for kompetanse ein kan greie å rekruttere til arbeidsplassane i lokalsamfunnet.

Ei av dei viktigaste oppgåvene til Innlandet fylkeskommune er ansvaret for vidaregåande skole.

Skjåk kommune syner til Regional plan for verdiskaping 2018- 2030; utviklingsmål blir uttrykt slik: «vi arbeider på alle plan for å skape en attraktiv region for innbyggere i alle aldersgrupper»

Postadresse:
Skjåk Kommune

Besøksadresse:
Moavegen 30

Heimeside: www.skjaak.kommune.no

Telefon: 612 17000

Bankkonto:
2085.07.40004

2690 SKJÅK

E-post: post@skjaak.kommune.no

Org.nr:

Vidare: « vi har tro på at ungdom, som blir hørt og sett i lokalmiljøet, i større grad vil vurdere hjemkommunen som aktuelt bosted i voksen alder». Dette forutsett blant anna at ungdom har/ får eit opplæringstilbod i lokalmiljøet. Det krev ein skuleeigar som prioriterer sine lovpålagte oppgåver, framfor å legge avgrensingar på ungdommen sitt skuletilbod. Fylkeskommunen sine lovpålagte ansvar for vidaregåande skule må i større grad bli synleg.

Folkehelse og skuleskyss

Dersom næraste skulestad for elevane frå Skjåk vil vere Otta, vil dette som sagt føre til eit urimeleg innhogg i kvardagen til ungdommar som av ulike grunnar anten ynskjer, eller må bu heime. Fritid dei elles kunne nytta til å vere noko fysisk aktive anten gjennom trening, arbeid eller anna, må nyttast stillesitjande på ein skulebuss. I "Høring – Framtidig skole- og tilbudsstruktur og alternative opplæringsmodeller i Innlandet fylkeskommune" (Innlandet fylkeskommune 2024) står det å lese under "10.3 Vurdering av de foreslåtte endringer": "Når skolereiser overstiger 90-120 minutters reisetid hver vei mellom hjem og skole, reiser dette spørsmål om forsvarligheten overfor eleven". Det er vidare forklara at dersom reisetida går utover der som er forsvarleg med kollektivtransport, kan det i mange tilfelle vere aktuelt med drosje på delar eller heile strekninga. For nærast alle elevar i Skjåk vil reisevegen mellom heim og skule dersom dei må ta buss til Otta vere meir enn 90 minutt kvar veg, og for nokre også 120. Skjåk kommune er særskild bekymra for den lange tida elevar som anten ynskjer, eller må bu heime må nytte på buss for å kome til og frå næraste skulestad dersom skulestad Lom blir lagt ned. Det er også grunn til å dvele ved at det i mange tilfelle kan vere aktuelt med drosje, kva det vil koste, og kor fylkeskommunen i så fall skal finne drosjer til denne transporten.

Skjåk kommune stiller seg også undrande til at verken folkehelseperspektivet ved lang busskyss, eller dei økonomiske konsekvensane det vil få, kjem fram i høyringsdokumentet.

I rapporten "Meir skyss – Mindre helse?" (Nordlandsforskning, 2015) blir det framheva at stadig lengre skuleskyss til og frå skule dagleg er eit tilhøve som blir oversett i arbeidet med ein mest mogleg "effektiv" og driftsøkonomisk skulestruktur. Rapporten legg særleg vekt på elevane si fysiske utvikling og helse i samband med lang skuleskyss. Det blir trekt fram at det er dokumentert at mange elevar med lang skuleskyss har fysiske plager som kjem av skuleskyssen. Mellom anna at elevane har auka risiko for ryggplager og overvekt, men også kvalme, vondt i hovudet og generelt det å vere uvel eller uopplagt i samband med skyssen. Det er dessutan påvist ein signifikant negativ korrelasjon mellom kondisjon og lengda på skuleskyssen. Rapporten seier at ein i framtida bør ha meir blikk på fysisk utvikling og helse når skulenedleggingar skal vurderast, og at dersom ein ser skulenedleggingar over noko lengre sikt, så kan det som eigentleg skulle vere ei økonomisk innsparing bli ein auka kostnad for samfunnet.

I ljøs av det som kjem fram i rapporten frå Nordlandsforskning er det bekymringsfullt at dei elevane frå Skjåk som ynskjer å bu heime og bruke buss til skulen ikkje har noko anna alternativ enn å bruke tre timar eller meir på buss kvar dag dersom skulestad Lom blir lagt ned. I fylgje Innlandstrafikk brukar skulebussen 1 time og 36 minutt frå Bismo til Nord-Gudbrandsdal vidaregåande skule avdeling Otta. Bussen køyrer frå Bismo kl 06:40 og elevane er framme på skulen kl 08:16 Heimturen tek 1 time og 51 minutt, med avreise frå skulen 15:34 og stopp i Bismo 17:25. Dette tilsvarar ein skuledag inkludert skuleskyss på 10 timar og 45 minutt. Det er også mange ungdommar som bur enda lengre vest i kommunen enn Bismo, og som såleis vil ha ytterlegare 30 minutt eller meir i skyss-tid kvar veg. Altså vil det vere elevar som i praksis må nytte halve døgnet på skule og skuleskyss.

Hybellivet – ikkje berre stjerner og roser

Skjåk kommune reagerer på måten kunnskap om korleis borteboarar greier seg gjennom vidaregåande opplæring blir lagt fram i høyringsdokumentet. Det er einseitig lagt vekt på to undersøkingar som det må vurderast om er formålstenlege i denne samanhengen. I tillegg er det ikkje teke inn moment som gjeld trivsel og folkehelse, og som syner at elevar som bur på hybel ikkje greier seg like godt som dei som bur heime. Måten kunnskapsgrunnlaget er framstilt i høyringsdokumentet, synast i liten grad å reflektere forskinga som er gjort på feltet.

For dei som ikkje vil, eller ikkje er i stand til å bruke fleire timar av dagen sin på skuleskyss, vil alternativet vere å bu på hybel. Det er godt underbygd frå fagfelleverdert forskning at dette gjev meir tobakksrøyking, auka alkoholforbruk, fysisk inaktivitet, tidlegare seksuell debut og dårlegare kosthald - og slik dårlegare helse (Tidsskr Nor Lægeforen, 2001). Ein veit frå tidlegare forskning at helsevanar har ein tendens til å vera vedvarande (Klepp, Aarø, Rimpela, 1997). At alle ungdommar i Skjåk skal utsettast for dette, vil slik i stor grad kunne påverka folkehelsa, også på lang sikt (Wold, Aasen, Aarø, Samdal, 1995).

Ungdommar som bur på hybel er også sårbare for stress og psykiske problem. Dette kjem tydeleg fram i ei norsk studie med djupneintervju av ungdommar i alderen 15 til 18 år som bur på hybel (Wannebo, Devik, Uhrenfeldt, 2017). I studien kjem det fram at heimlengsel, einsemd, depresjonar, angst og stress ikkje er uvanleg, og kan kome av at ungdommane misser kontakt med venner, familie, sosiale nettverk, og at dei ikkje kan drive med fritidsaktivitetar som før. Det store ansvaret dei får som såpass unge, med å ta vare på eige fysisk og psykisk helse, økonomi og hushald kan bli enormt hjå såpass unge ungdommar. For dei fleste vil dette bli betre, men det er ein risiko for drop-out slår studia fast.

Det vanskeleg å skjønne kvifor denne delen av kunnskapsgrunnlaget ikkje er teke med i høyringsdokumentet. I staden er det brukt ei undersøking gjort i Nordland fylkeskommune i regi av Oslo Economics frå 2022, samt ei eiga spørjeundersøking av elevane i Innlandet og Møre og Romsdal. Begge desse undersøkingane vart gjennomført seint på skuleåret. Oslo Economics si undersøking er gjennomført på våren. Om den eigne spørjeundersøkinga det er synt til i høyringsdokumentet står det å lese "Registreringen av hybelboere startet relativt sent i skoleåret, noe som innebærer at man i tallgrunnlaget ikke har fanget opp alle elever som har sluttet." Begge undersøkingane har såleis klare svakheiter med tanke på mellom anna gjennomføringsgrad. Det er naturleg at elevar som i utgangspunktet budde på hybel og ikkje likte det så godt, anten hadde falle frå eller ikkje lenger budde på hybel da desse undersøkingane vart gjennomført. Den eigen-gjennomførte undersøkinga i samarbeid med Møre og Romsdal tok så vidt ein kan skjønne (i og med at denne rapporten ikkje let seg finne ved nettsøk, og det ikkje er ført kjelder i høyringsdokumentet) ikkje føre seg områda trivsel, mobbing og helse, dei to siste momenta er heller ikkje med i Oslo Economics sin rapport. Dette gjer rapportane lite tenlege for å vurdere korleis elevar på hybel greier seg.

Skjåk kommune merkar seg også at i rapporten til Oslo Economics står det fylgjande å lese: "Skolene har ikke gjennomført systematiske analyser av borteboende elever og elever som bor hjemme, og det er derfor vanskelig for skolene å si noe sikkert om forskjeller om borteboeres trivsel, mestring eller deltakelse over tid." Det er synt til at intervju som er gjort med skulane i undersøkinga gjev informasjon om korleis dei overordna oppfattar elevane sin trivsel og meistring, og om tiltaka skulen

set inn. Det er difor underleg at høyringsdokumentet til Innlandet fylkeskommune konkluderer med at bortebuande studentar i undersøkinga i liten grad skil seg frå heimebuande elevar når det gjeld trivsel, meistring og deltaking når det altså ikkje er gjort noko systematisk analyse for å avdekke om dette er tilfelle.

Eit anna moment når det gjeld hybel er sjølvstøtt økonomi. Familien sin økonomi kan i enkelte tilfelle gjere at det ikkje er mogleg å leige hybel til ungdommen eller ungdommane i familien. Ifylgje Lånekassen er bortebruarstipend ein fast sats som for skuleåret 2024/2025 vil vere 6.677 kroner per månad. Dette skal dekkje husleige, utgifter til straum, internett og liknande, mat, transport heim i helgene, generelt alle kostnader som kjem på fordi ungdommen ikkje bur saman med resten av familien.

Dei spesielt sårbare ungdommane

I alle kommunar er det elevar som har ulik grad av sårbarheit. Skjåk kommune merkar seg at desse elevane ikkje er nemnde i høyringsdokumentet.

For nokre ungdommar er sårbarheita større enn for andre, dette gjeld særleg elevar som har alvorlege samansette og/eller komplekse helseutfordringar. Det er særst viktig at desse elevane får vere i same miljø som jamaldringane sine, dette er ein viktig del av utviklinga deira sjølv om dei kanskje ikkje kan nå opplæringsmåla i læreplanen. Opplæringslova § 3-1 slår fast at ungdommar som har fullført grunnskule eller tilsvarande opplæring har krav på tre års vidaregåande opplæring. Vidare slår same paragraf fast at elevar som har rett til spesialundervisning har rett på vidaregåande opplæring i inntil to år ekstra når eleven treng det i høve opplæringsmåla for den enkelte. Skjåk kommune er særst bekymra for korleis elevar med samansette og/eller komplekse helseutfordringar skal få eit fullverdig skuletilbod dersom næraste skulestad medfører ei bussreise på over tre timar dagleg, eventuelt ein drosjetur på over to timar.

Det er grunn til å tru at å transportere desse elevane til skulen vil bli både komplekst og kostbart også for skuleeigar. Det vil vere bruk for drosjer, og det vil vere bruk for reisefylgje, av og til kan dette dreie seg om meir enn ein person. § 7-4 i Opplæringslova har eige bestemming for reisefylgje og tilsyn. Det blir slege fast at elevane har rett til nødvendig reisefylgje. Av dette fylgjer det at det er skuleeigar, altså fylket, som skal betale reisefylgjet.

Det blir elles vist til eiga høyringsuttale sendt inn av brukarrådet i Skjåk kommune.

Sats på Skjåk – eller...

Det er ikkje tvil om at nedlegging og omlegging av skulestrukturen i form av å legge ned skulestad Lom, samt å sentralisere andre linjer bort frå skulestad Otta, vil ha til dels store negative konsekvensar for næringslivet og næringsutviklinga i Skjåk spesielt, og i regionen generelt. Det er ei unison attendemelding frå alle hald i næringslivet i Skjåk om at dette er negativt.

Næringsstrukturen i Skjåk er breitt samansett. Det er eit offensivt og godt fagmiljø i landbruket bygd opp gjennom fleire generasjonar. I 2023 søkte 129 føretak produksjonstilskot. Skjåk har ei industriklynge som består av mellom anna mekanisk produksjon og maskinering ved Stryvo, skumglasproduksjon ved Glasopor, og filter-produksjon ved Interfil med over 70 tilsette. Skjåk har også entreprenørar, verkstadar for både bil, tungbil og landbruksmaskinar, mindre handverksverksemder, reiselivs- og handelsbedrifter, samt matforedling og matproduksjon.

Alle desse gjev attendemelding om at vidaregåande skule med lokal forankring er viktig for direkte rekruttering. Ungdom som både har lokal utdanning, samt lokal kunnskap og tilknytning er den største tilgangen til arbeidskraft og kompetanse for det lokale næringslivet. Allereie i dag blir det rapportert om mangel på lærlingar innanfor viktige fagområde. Nedlegging av skulestad Lom eller linjetilbod på skulestad Otta vil truleg svekke tilgangen til den arbeidskrafta og kompetansen det lokale næringslivet treng. Særleg er byggfag-linja ved skulestad Lom viktig for å rekruttere lærlingar i ulike bygg- og anleggsgfag. Mange bedrifter i Skjåk og Lom, men også Vågå, rekrutterer lærlingar meir eller mindre kun frå VG2 tømrrar i Lom.

Direkte og indirekte negative konsekvensar

I denne samanhengen kan det peikast på både direkte og indirekte verknader – og såleis også både kortsiktige og meir langsiktige verknader. I tillegg til dei direkte verknadene når det gjeld svekka tilgang til arbeidskraft og lærlingar, kjem også svekka tilgang på den arbeidskrafta ungdommar som går på vidaregåande skule står for både i sesong, på ettermiddagar og i helger. Desse er spesielt ein ressurs i reiselivs- og opplevingsbedrifter, men også i landbruket og handelsbedrifter. Desse ungdommane er ein ressurs som vil bli borte eller bli svekka dersom alle ungdommar i Skjåk anten må bu på hybel eller bruke tre timar eller meir på buss dagleg medan dei går på vidaregåande skule.

Dei meir langsiktige og indirekte verknadene av å legge ned skulestad Lom og å fjerne linjetilbod frå skulestad Otta vil sannsynlegvis kome ved at fleire orienterer seg både tidlegare og i større grad ut av lokalmiljøet. Dette vil ha noko å seie for den sosiale orienteringa og tilknytninga dei har til heimkommune over tid, som vidare kan ha negative ringverknader for rekruttering av arbeidskraft og kompetanse på lengre sikt.

Attraktivitet

I Innlandsstrategien, både den gjeldande for 2020-2024, og i høyringsdokumentet for 2024-2028, er betydninga av attraktive byar, tettstader og bygder med berekraftige gode buområde og varierte opplevingar lyfta fram. Det som gjer eit lokalsamfunn attraktivt har også å gjere med kva det har å tilby av tenester og fasilitetar. Mangel på vidaregåande skule lokalt er negativt for aktiviteten og attraktiviteten til lokalsamfunnet. I litteraturgjennomgangen "Forsking og evaluering om skolestruktursentralisering/-strukturendring" (Norsk senter for bygdeforskning, 2015) blir det mellom anna synt til at nedlegging av skular kan gje negativ effekt og dårlegare attraksjonskraft, og at dette på sikt kan gje mindre innflytting og meir utflytting. Det kan også føre til at det blir investert mindre der skular blir lagt ned, og at ved økonomiske etableringar blir det heller valt eit lokalsamfunn der det eksisterer ein skule. Andre moment det blir peika på, er at både næringslivet og offentleg sektor kan ha problem med å rekruttere kompetansepersonell når ungdommane i familien ikkje kan gå på vidaregåande skule i nærmiljøet, samt at vidaregåande skule er ein stor sysselsettingsfaktor fordi den trekkjer til seg arbeidskraft som kanskje elles ville vore i lokalsamfunnet.

Det alvorlege bakteppet: Demografi

Altså heng skulestruktur saman med eit noko større – og eit særst alvorleg bakteppe – den negative demografiske utviklinga. Det er brei politisk semje på nasjonalt nivå om å støtte opp om ei berekraftig utvikling for kommunane i distrikta. Den demografiske utviklinga i mange distriktssamfunn er blant dei sentrale utfordringane som på ulike vis blir adressert i nasjonale politiske satsingar.

Skjåk, som fleire andre kommunar i distrikts-Noreg og Innlandet, har store demografiske utfordringar med auka fråflytting, lite tilflytting og ei aldrande befolkning. Dersom den negative demografiske utviklinga ikkje stoppar opp, vil det ha store konsekvensar for heile samfunnsstrukturen og kommunen si moglegheit til å oppretthalde vitale teneste. Dette tek Skjåk-samfunnet på alvor, og det er sett inn mange og breie mottiltak for å møte desse utfordringane, samt sikre ei berekraftig utvikling for Skjåk-samfunnet for framtida.

Skjåk er godt i gang med å vidareutvikle tilflyttingstenesta "Sats på Skjåk". Denne er finansiert av Husbanken med støtte frå Distriktsenteret, og er del av ei nasjonal satsing på bustadutvikling i distrikta som eit viktig mottiltak i møte med demografiutfordringane. Altså skal andre kommunar sjå TIL Skjåk, og kva vi gjer for å MOTVERKE dei demografiske utfordringane. I tillegg til bustadutvikling og samarbeid med næringslivet, er det å heilskapleg synleggjere, styrke og lyfte attraktivitet til eigen bygd ein del av satsinga. Det same er tiltak spesielt retta mot – og – med ungdom, for at dei skal ynskje å bli verande og å busette seg i Skjåk.

Nedlegging av skulestad Lom vil utan tvil bidra til å svekke og delvis undergrave både dette attraktivitetsarbeidet, og Skjåk som lokalsamfunn. Dette er alvorleg for ein kommune som allereie har store langsiktige demografiske utfordringar det ikkje finst enkle og raske løysingar på. Såleis kan det som ved fyrste augekast kan sjå ut som eit godt kortsiktig innsparingstiltak for fylkeskommunen – det å leggje ned den lokale vidaregåande skulen – vise seg å ha ein særers høg samfunnsøkonomisk kostnad på lang sikt.

Skjåk kommune er bekymra for at familiar med barn vil flytte frå Skjåk, og at familiar som vurderer å flytte hit vil ombestemme seg dersom skulestad Lom blir lagt ned. På denne måten kan det raskt skje ein stor folketalsnedgang, men også bli ein enno større mangel på arbeidskraft både til næringslivet, samt det offentlege slik som innanfor pleie- og omsorg. Det er ei stor bekymring av folketalsnedgangen vil skje blant barn, ungdommar og vakse i arbeidsdyktig alder, medan vi framleis vil ha ei auke i talet på eldre.

Fylgjekostnader og samfunnsrekneskap i mangel på reknestykke

I den tidlegare nemnde litteraturgjennomgangen frå Norsk senter for bygdeforskning blir det også peika på at ved vurdering av nedlegging av skular bør fylgjekostnader bli teke med i den totale rekneskapen. Slike fylgjekostnader kan vere utgifter til skuleskyss, ombyggingar samt utgifter til meir personell på ny skule. Det blir også peika på at sentralisering av vidaregåande skuletilbod kan vere negativt for lokalsamfunna ved at regionsenteret vinn på alle dei områda der utkantane taper. Skjåk kommune meiner at også den større samfunnsrekneskapen må vurderast ut frå mellom anna dei argumenta som er lagt fram i vår uttale.

Skjåk kommune har merka seg at høyringsdokumentet ikkje inneheld eit einaste reknestykke. Såleis må det vere på sin plass å understreke at det ikkje eksisterer noko handfast som tilseier at å legge ned skulestad Lom vil vere økonomisk lønsamt for Innlandet fylkeskommune.

Skjåk kommune har også merka seg at heller ikkje den større samfunnsrekneskapen og heilskapen som gjeld for utkant- og distriktskommunar som Skjåk er omtala. Ut frå det som står beskrive i den allereie nemnde Innlandsstrategien er visjonen til Innlandet "Innlandet – eventyrlige muligheter. Et fylke med sterke røtter og store drømmer, med mål om å ha en ledende posisjon innen teknologi, industri, landbruk og reiseliv". Dei langsiktige utviklingsmåla er beskrive blant anna ved at Innlandet

skal ha "levende lokalsamfunn med bærekraftige byer, tettsteder og bygder". Skjåk kommune tykkjer det er krevjande å sjå samanhengen mellom Innlandsstrategien og høyringsdokumentet kring framtidig skulestruktur.

Ei konstruktiv avrunding

Innlandet fylkeskommune har også invitert høyringsinstansane til å kome med innspel på korleis fylkeskommunen gjennom samarbeid med kommunar, regionar, næringsliv og eventuelt andre kan vere med og samskape om opplæring. I denne samanhengen vil Skjåk kommune syne til planane, og den konkrete søknaden (lagt ved), om å etablere landslinje for friluftsliv ved skulestad Lom. I søknaden er det grundig gjort greie for lokal forankring i næringslivet, samt kompetanse i lokalsamfunnet. Mellom anna er Norsk fjellsenter framheva, men også reiselivet særleg gjennom fjellfriluftsliv. Lom og Ottadalen har også andre miljø som kan vere aktuelle når det gjeld å etablere landslinjer som kan vere attraktive. Skjåk kommune vil særleg framheve matkultur, til dømes ei viltkjøt-linje eller ei mat-konserveringslinje. Som eksempel eksisterer det landslinje for sportsfiske ved Grong vidaregåande skole og landslinje for sjømat ved Vardø vidaregåande skole.

Nord-Gudbrandsdalen har ei mengd freda- og verneverdige bygningar som treng vøling, noko som tilseier at det vil vere behov for å rekruttere til å halde ved like kunnskap kring dette også inn i framtida. Som eit eksempel vart det frå Hovedutvalget for kultur i Innlandet fylkeskommune fordelt statlege midlar på omtrent 14 millionar kroner til istandsetting av fredag bygningar i privat eige i Nord-Gudbrandsdalen i 2024. Skulestad Lom har tidlegare hatt VG2 lafting. Skjåk kommune vil foreslå at det på nytt blir lagt opp til VG2 lafting og vøling, gjerne også som ei landslinje, for å halde i hevd denne viktige delen av tradisjonshandverk innanfor offentleg vidaregåande skule i distriktet vårt.

Kvart år er det ei rekke elevar frå Nord-Gudbrandsdalen som søker VG2 anleggsteknikk ved Solør vidaregåande skule studiestad Våler. Av søkjartala for 2024 kan ein sjå at 168 elevar har dette som fyrsteynskje. Det har vore sterk kniving om plassar, og på same tid er dette eit studietilbod som er viktig med tanke på rekruttering av lærlingar til ei viktig næring i distriktet vårt. Skjåk kommune vil i så måte foreslå at det blir oppretta VG2 anleggsteknikk også ved Nord-Gudbrandsdal vidaregåande skule skulestad Otta for å kunne rekruttere enno fleire lærlingar til dette viktige feltet.

Skjåk kommune ynskjer også at Lom vgs skal styrkast med at:

Vg1 Restaurant og matfag blir lagt til Lom

Vg1 Salg- service og reiseliv blir lagt til Lom

Vg2 Reiseliv

Vg 2 Kokkefaget blir lagt til Lom

I dag må elevar frå Ottadalen reise til Otta for å gå Restaurant-og matfag og Salg, service og reiseliv på Vg1, og deretter må dei flytte til Lillehammer for å gå Vg2. Vi meiner at denne todeling gjer linjene mindre attraktiv.

Dersom linjene på Otta blir lagt ned grunnet

dårlege søkjartal over tid, meiner vi derfor at ei satsing på desse faga i Lom, både på Vg1 og Vg2, er eit forsøk på å sikre at vi beheld eit

svært viktig utdanningstilbodet i regionen

vår. Vi er redd for at tilbodet elles vil bli

sentralisert til Lillehammer.

Ottadalen har nemleg mange kjente aktørar innan mat- og reiseliv som kan bidra til å løfte denne satsinga og gjere den attraktiv.

Summert og kokt inn

Med denne høyringsuttala meiner Skjåk kommune å ha sett ljuset på fleire viktige moment som ikkje er teke med i vurderinga av den framtidige skule- og tilbudsstrukturen og alternative opplæringsmodellar i Innlandet fylkeskommune. Ut frå dette set vi vår lit til at skulestad Lom blir bevara med minimum eksisterande linjer, men at også skulestad Otta blir bevara med eit godt linjetilbod til det beste for regionen.

Vi set vår lit til at vi også i framtida kan satse på Skjåk!

Med helsing

Edel Kveen
Ordfører

Dokumentet er elektronisk og sendt utan signatur.

Kopi til:

INTERKOMMUNALT POLITISK RÅD FOR NORD-GUDBRANDSDAL

2670 OTTA

Kjelder:

Innlandsstrategien 2020 – 2024: <https://innlandetfylke.no/f/p1/ie915e26d-a322-4bc3-8095-8e4dbc36a99c/innlandsstrategien-2020.pdf>

Innlandsstrategien 2024 – 2028: <https://innlandetfylke.no/tjenester/plan-statistikk-og-folkehelse/innlandsstrategien/innlandsstrategien-2024-2028-horing/2-satsingsomrader/>

Klepp Kl., Aarø L.E, Rimpela M. 1997. Ungdom, samfunn og helse. Ungdom, livsstil og helsefremmende arbeid. Oslo: Universitetsforlaget, 9 – 21

Lånekassen. <https://lanekassen.no/nb-NO/laresteder/veiledning/veilede-om-borteboerstipend/>

Oppland fylkeskommune. https://innlandetfylke.no/f/p1/i06eabed1-9e5c-459a-897a-c20c76b48b02/regional_plan_for_verdiskaping.pdf

Opplæringslova <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1998-07-17-61/>

Oslo Economics, 2022. Kartlegging av borteboende elever i videregående opplæring i Nordland. <https://osloeconomics.no/wp-content/uploads/2022/08/OE-rapport-borteboende-elever.pdf>

Solstad,K.J., Solstad, M. Nordlandsforskning, 2015. https://www.nordlandsforskning.no/sites/default/files/files/Rapport_7_2015.pdf#page47

Tidsskr Nor Lægeforen 2001, 121 : 287-91

Villa, M. Norsk senter for bygdeforskning, 2015. Forskning og evaluering om skolesentralisering/-strukturendring <https://folk.ntnu.no/marvil/skoleogsm%C3%A5samfunn/wp-content/uploads/2015/12/SFTK-leveranse-22.09.15.pdf>

Wannebo, W., Devik, S.A., Uhrenfeldt, L., 2017 Meaning of Living in Lodging During Senior High School <https://journals.sagepub.com/eprint/xkKT9BGzdNQ4nfbDsAec/full>

Wold B, Aasen H, Aarø LE, Samdal O. 1995. Helse og livsstil blant barn og unge i Norge. HEMIL-rapport nr. 14. Bergen: Universitetet i Bergen